

## Tur til Selivarden

### Myking skule fredag 12. september 2014

På fredag vert det turdag for elevane ved Myking skule. Me skal gå til Selivarden. Det er gjort eit stort arbeid i området Vefjell- Smørdal- Selivarden med å rydda stiar, merka og skilta løyper. Me vil at elevane ved skulen skal få oppleva dei flotte områda me har i nærområdet vårt.

Me planlegg å bruka heile dagen.

Dei yngste elevane, 1.-4 klasse vert køyrd av lærarar til Vefjell. Ta med bilpute dersom ditt barn treng det.

Dei største elevane, 5.-7. klasse, sykklar til Smørdal og møter der kl. 9. Annikken og Herborg sykklar saman med dei frå skulen. Elevar frå Vabø, Natås og Vefjell avtalar med sin lærar det praktiske rundt sykling til Smørdal.

Dei to gruppene møtest på Førkammen. Der vert det pause, før me saman går vidare til Selivarden. Det vert sporleik og oppgåver undervegs. På toppen vert det leik og nokre innslag som lærarane har førebudd. Dei som sykklar, kan sykla heim etter turen dersom det er avtala med dykk foreldre.

Stien går i myr nokre stader, og støvlar eller fjellsko er rett fottøy. La borna ha lette turklær på seg, gjerne med ekstra gensar i sekken. Ha med niste og drikke. Ta med turkort om du har eit.

Helsing personalet ved Myking skule

